



Austrheim kommune
Kommunehuset
5943 AUSTRHEIM

Vår dato:

19.05.2021

Vår ref:

2021/6280

Dykkar dato:

22.04.2021

Dykkar ref:

Saksbehandlar, innvalstelefon


Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352
Magnus Johan Steinsvåg 5557 2325

Uttale - Oppstartsmelding - Austrheim - bustadområde B07 - skuleområdet ved Austrheim VGS - detaljregulering

Vi viser til oversending 22.04.21, med melding om oppstart av reguleringsplan for bustadområde B07 og skuleområdet ved Austrheim Vidaregående skule. Statsforvaltaren har fått frist til 22.05.21 for å kome med uttale.

Planområdet

Etter det vi kan sjå er ikkje planområdet konkret avgrensa i dei vedlagte karta, men det er skildra skriftleg. Planområdet er vist med farge mørkegul B09 (bustadområde), raud T (skuleområdet) og mørkegrøn GR (grønstruktrur). Tilgrensande område i sjø V105 (Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhørende strandsone) med blå farge mot strandsona vert og regulert noko ut i sjøen, dette er og ein del av planområdet.





Kommunen har vurdert at planen i hovudsak vil vere i samsvar med kommunenplanen sin arealdel og at det ikkje er naudsynt med konsekvensutgreiing.

Statsforvaltaren sine merknadar

Statsforvaltaren meiner at særleg tema som klima, naturmangfald, strandsone og barn og unge vert viktige i denne planprosessen.

Klima

Etter det vi kan sjå ligg det ein del myr innanfor planområdet. Myr er lager for klimagassar og omdisponering av myr kan føre til at desse kjem ut i atmosfæren. Vi viser til Statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing der det mellom anna står at planlegging skal bidra til reduksjon av klimagassar. Ein bør difor i størst mogleg grad unngå å plassera tiltak i myr. Om ein vurderer å omdisponere myr bør ein undersøke kva type myr det er snakk om og kor mykje klimagassar ein frigir ved utbygging.

Naturmangfald

Det er registrert bredbåndpraktvikler i planområdet. Bredbåndpraktvikleren er ein sommarfugl som er registrert som sterkt trua i Norge. Den er svært sjeldan og har sitt nasjonale tyngdepunkt i Austrheim. Arten er hjå oss mest knytt til llynghøi og det er gjort fleire observasjonar av sommarfuglen i Austrheim. Ut frå flyfoto ser det aktuelle område i planområde ut til å vere sein suksesjon av llynghøi/ung skog og vil derfor truleg ha ein mindre viktig funksjon for breibandpraktviklaren på sikt. Området sin funksjon for breibandpraktviklar må likevel undersøkast nærmare av biolog med erfaring frå denne artsgruppa og konsekvensane av planen vurderast nærmare i vidare planarbeid jf. naturmangfaldlova § 8.

Vi minner om at dei konsekvensane reguleringsplanen har for endra arealbruk skal vurderast etter naturmangfaldlova. Det må kome tydeleg fram i planarbeidet, jf. naturmangfaldlova §§ 7 til 12.

Marin verneområde for Lurefjorden og Lindåsosane

Sjøarealet i planområdet er del av verneområdet for Lurefjorden og Lindåsosane. Føremålet med verneområde er å ta vare på eit unikt fjord- og pollystsystem med lågt oksygeninnhold, med mellom anna spesielle førekommstar av den djuptlevande kronemaneten *Periphylla periphylla* og ishavsåte *Calanus glacialis*, og ei eiga sildestamme. Det er ei målsetjing å halde verneverdiane utan større grad av ytre påverknad, og området skal kunne tene som referanseområde for forsking og overvaking jf. Forskrift om vern av Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde §1. I det marine verneområdet må ingen setje i verk noko som skader verneverdiane nemnt i verneføremålet.

Planarbeidet må ta omsyn til verneområdet og planleggje i samsvar med forskrifter for verneområdet. Dette gjeld både fysiske tiltak i sjøen og at ein må unngå auka forureining frå bustader.

Strandsone

Byggeforbodet i strandsona gjeld også i dei delane av Vestland med mindre press på areala, jf. pbl § 1-8. I følgje statlege retningsliner om differensiert utbygging i strandsona er det likevel lettare for kommunane å vedta planar som opnar for utbygging i strandsona enn i kommunar der arealpresset er større. Utbygging bør så langt råd er lokaliserast til område som er utbygd frå før av, slik at ein unngår bygging i urørde område med spesielle kvalitetar.

Det kjem ikkje klart fram av oppstartsmeldinga i kva grad ein tenker nye tiltak i strandsona, men vi rår til at ein ikkje legg opp til utbygging i strid med formålet i kommuneplanen og eventuell



utbygging skal elles alltid vurderast i forhold til andre allmenne interesser, jf. pbl. § 1-8. Ein bør ikkje opne for utbygging i område som har spesiell verdi for friluftsliv og allmenn ferdsel, naturkvalitetar, naturmangfald, kulturminner, kulturmiljø og landskap. Forholdet til andre interesser som fiske, landbruk, oppdrett m.m. må vurderast. Om ein opnar for utbygging, må omsynet til andre interesser ivaretakast best mogleg.

Barn og unge

Planen omfattar både bustadområde og vidaregåande skule, og vi ser på omsyn for barn og unge som eit sentralt tema i denne planen. Omsynet til barn og unge sine oppvekstvilkår skal etter pbl § 1-1 femte ledd og pbl § 3-1 første ledd bokstav e ivaretakast i den kommunale planlegginga.

Rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging og rundskriv T-2/08 stiller nærmare krav til ivaretaking av barn og unge sine interesser i planprosessen. Vi viser også til rettleiar frå 2020 om Barn og unge i plan og byggesak.

Barn skal ha areal i nærmiljøet der dei kan utfalte seg og skape sitt eige leikmiljø. For å få det til må ein ha tilstrekkeleg store areal som eignar seg for leik og opphold og som gir høve til ulike typer leik til ulike årstider. Areala må vidare kunne brukast av ulike aldersgrupper og gi høve for samhandling mellom barn, unge og vaksne. Areal og anlegg som skal brukast av barn og unge, skal vera sikra mot forureining, støy, trafikkfare og anna helsefare.

Der ein endrar arealformål for areal som er sett av til fellesareal eller friområde som er i bruk eller eigna til leik, skal det skaffast fullverdig erstatningsareal, jf. pkt. 5d i retningslinjene. Det er også krav om fullverdig erstatningsareal ved omdisponering av uregulert areal som er i bruk til eller er eigna til leik.

Vi viser også til «*forskrift om miljørettet helsevern for skoler og barnehagar*», som stiller ein rekke funksjonskrav til barnehagar og skoler.

Medverknad

Alle som fremmer eit planforslag skal legge til rette for god medverknad i planprosessen, jf. pbl § 5-1. Kommunen har eit særleg ansvar for å sikre at barn og unge og andre som treng spesiell tilrettelegging får delta i planarbeidet etter rundskriv T-2/08 om barn og planlegging, samt H-2302 om medverknad i planlegging.

For å sikre god framdrift i planprosessane deltar Statsforvaltaren gjerne på møte saman med kommunen dersom det er ønskjeleg for å avklara vesentlege regionale og nasjonale interesser tidleg i planarbeidet.

Vi ønskjer lykke til vidare med planarbeidet !

Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe
seniorrådgjevar



Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:
Vestland fylkeskommune Postboks 7900 5020 BERGEN